

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Oversending av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering - Planarbeid - Knarvik - gnr. 188, bnr. 406, 420 og 802 m.fl. PlanID 4631 2020 002 - Alver kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse i samband med utarbeiding av reguleringsplan for Knarvik, planID 4631 3030 002. Vestland fylkeskommune har som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern vurdert areala i oversendte kart. Deler av området har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne og det vert difor stilt krav om ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova.

Vestland fylkeskommune har utarbeida eit kostnadsoverslag for den arkeologiske registreringa og sender den over for godkjenning slik at vi kan få arbeidet inn i feltkalenderen vår. Jf. kulturminnelova §§ 9 og 10 må utgifter til arkeologisk registrering dekkast av tiltakshavar.

Potensialvurdering

Det er potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i planområdet. Planområdet si høgde over havet og topografiske høve indikerer potensiale for funn av buplassar og aktivitetsstader frå steinalderen.

Registreringsmetodar

Ofte vert det nytta fleire metodar på ei og same registrering. Kva metode som er vald, er avhengig av topografi og kva type kulturminne vi reknar med å påvise. I område kor vi reknar med funn av synlege kulturminne, vert det leita på markoverflata. Med desse metodane kan det lokalisera kulturminne med eller utan synlege spor på markoverflata.

Ved denne registreringa skal vi nytte metoden prøvestikking.

Ved prøvestikking vert det grave prøveruter på omlag 40x40 cm ned til steril undergrunn. Jordmassane blir vass-sålda i 4 mm såld for å fange opp eventuelle gjenstandar. Funnførande prøveruter blir dokumentert ved teikning og foto, samt planskisse over lokaliteten si utstrekning og innmålt med CPOS/GPS.

Etter feltarbeidet blir metode og resultat frå registreringa systematisert og samanfatta i ein rapport som vert send til tiltakshavar. Kartfiler som viser automatisk freda kulturminne kan sendast ut før den endelige rapporten er ferdigstilt dersom det er ynskjeleg.

Omfang av den arkeologiske registreringa

Det er i denne saka budsjettert med 2 personar i felt i inntil 3 dagar, inklusive reise til og frå oppdraget, og inntil 4 dagsverk til førebuing, rapportarbeid og oppfølging. I tillegg kjem inntil 1

14C-prøve i fall det blir påvist relevant dateringsmateriale. Katalogisering av eventuelle gjenstandsfunn blir utført av Universitetsmuseet i Bergen.

Vedlagt er kostnadsoverslag for den arkeologiske registreringa. Vi gjør merksam på at tiltakshavar berre blir fakturerert for medgått tid og faktiske kostnader. Vi tek etterhald om justering av tid knytt til førebuing, felt- og etterarbeid innanfor budsjettet og eventuell auke i satsar. Vi må også ta etterhald om ytterlegare undersøking og endring av budsjettet viss planar blir endra underveis, eller ved uføresette hendingar. Eventuelle følgjeskader i samband med den arkeologiske registreringa er eit forhold som må avklarast mellom tiltakshavar og grunneigar. Dette inkluderer òg tilsåing med gras, arrondering, m.m.

Kostnadene for den arkeologiske registreringa er kalkulert til å verte 64 927 kr. (2020-kroner).

Vi set registreringa opp på arbeidsplanen når aksept på budsjettet er motteke. Registreringa må gjennomførast på telefri mark og når dei klimatiske forholda elles gjer det mogleg. Feltsesongen vår er difor normalt frå april til november. Nærare spesifisering av tidsrom for registreringa blir gjort saman med tiltakshavar.

Vi viser til vedlagte akseptskjema. Vi ber om at utfylt og signert akseptskjema blir returnert til Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune. Har de spørsmål ut over dette så send e-post til arkeolog Sigrun Wølstad, sigrun.wolstad@vlfk.no

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kostnadsoverslag for arkeologisk registrering
- 2 Akseptskjema arkeologisk registrering